

ÅRSMELDING LINDÅS BRASS, SESONGEN 2017-2018.



Medlemmar:

Lindås Brass starta sesongen 2017/2018 med 25 medlemmar.

Desse var:

Toril Ones, Torill Træland Steine, Kristin Helland Stråtveit, Kjartan Spjeldnes, Birgitte Gullaksen, Hege Ramsland, , Magnus Ole Eide, Per Ove Johansen, Stein Erik Ones, Irmelin S. Larsen, Karina B. Solen, Roar Soltveit, Joar Spjeldnes, Britt Ingrid Eknes, per Einar Eknes, Evelyn Bjørge, Ina Sundsbø, Nils Rune Vassdal, Raymond Solli, Agathe M Eide, Bjørnar Eide, Alexander Nævdal, Toril H Sætre, Espen Sætre, Monica Stamnes.

I løpet av sesongen har me hatt nokre personar som har vore med på prosjekt/konkurransar/som vikar.

Desse var:

Ramona Bårdsen Fjellanger, Marit Mostrau, Eli Holmefjord, Per E Jørgensen, Irene Haukås.

Styret 2017/2018 har bestått av:

Leiar: Kristin Helland Stråtveit

Kasserar; Toril Ones

Materialforvaltar: Stein Erik Ones

Styremedlem: Kjartan Myking Spjeldnes

Styremedlem: Karina Borgen Solen

Styret har i løpet av sesongen hatt 3 møter. I tillegg har det vore nokre spontane møter/diskusjonar på øvingshelger og liknande. Styret har også hatt god dialog via sms og e-post når det har oppstått saker ein treng å diskutera med ein gang. Styret har hatt eit godt samarbeid denne sesongen, både innad i styret og med dirigent.

Dirigent:

Også denne sesongen har me hatt Hilde Brevik Grytten. Hilde har brei erfaring frå korps, Frelsesarmè, undervisning, direksjon og kulturskule. Hilde er frå Manger, men

har busatt seg på Askøy saman med mann og barn. Hilde har vore ein dirigent som har passa godt til Lindås Brass, og både styret og øvrige musikantar er svært fornøyd med jobben ho har gjort dette året.

Musikkutval:

Musikkutval har bestått av Stein Erik Ones, Birgitte Gullaksen, Magnus Ole Eide og dirigent .

Øvingar:

Korpset har hatt 45 øvingar denne sesongen. Dette inkluderar vanlege tirsdaysøvingar, ekstraøvinger før konkurransar og øvingshelger.

Konsertar:

Korpset har delteke på 7 konsertar. Nokre av desse har me arrangert sjølv.

Haukåskonsert på Lindås med Skodvin Skulemusikk og Lindås Skulekorps.

Før-Siddis konsert i Knarren Knarvik, saman med Oster Brass.

Julekonsert i Lindås Kyrkje med Lindås Skulekorps m. fleire.

Før-NM konsert i Knarvik.

Basarkonsert på Lindås i mars.

Sesongavslutningskonsert vert i i april på Haukås, med Haukås Musikklang og Salhus Musikklag.

Konkurransar:

Lindås Brass var som vanleg med i Siddis Brass og NM Brass.

I Siddis Brass deltok me i 3.divisjon. Her kom me kom på 9.plass.

I NM Brass deltok me i 3.divisjon. Her kom me kom på 6.plass

Andre aktivitetar:

Korpset har delteke på Korps på Friluftstur denne sesongen, eit arrangement av NMF med støtte fra Gjensidigestiftelsen. Her arrangerte korpset 3 frilutsturar for bygdefolk med to innlagte minikonsertar på turen. Dei turane me deltok på var:

Kolåstoppen

Nybortsmarsjen, turmarsj på den Trondhjemske Postvei

Haukåsskolten

Øvingslokale:

Me får låne gymsalen på Lindås Ungdomsskule gratis til øving, noko me sjølvsagt set stor pris på. Rektor har vore imøtekomande og positiv til at korpset øver her og skaper liv i bygget på kveldstid.

Me har fått ein garderobe til å lagre utstyr. Dette er ikkje optimalt, då garderoben er litt i bruk av skulen.

Økonomi

Rekneskapan viser eit lite overskot. Me er avhengig av litt speleinntekter , dugnad og basaran me har om våren, for å sikre drifta av korpset.

Generelt opplever styret at korpset har hatt ein god sesong med ei fin musikalsk utvikling. Hilde har lært korpset mykje nytt, og me har fått vidareutvikla ein god musikalsk klang. Det har vore lite frafall av medlemmer, og me opplever at trivselen i korpset er god. Musikantane gir gode tilbakemeldingar på Hilde som dirigent, og me har også fått mange gode tilbakemeldingar på det musikalske dette året. Korpset ser fram til vidare samarbeid med Hilde som dirigent.

Styret takkar medlemmane for innsatsen i sesongen 2016-2017.

For Lindås Brass,
Leiar, Kristin Helland Stråtveit.